



Notat

Dato: 25.02.2016
Arkivsak: 2016/2291-1
Saksbehandlar: Trond Wahl

Til:	Utval for kultur, idrett og regional utvikling, Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Fylkeskommunane sitt Akvakultursamarbeid - FAKS

Ni fylkeskommunar, frå Rogaland i sør til Finmark i nord handsamar i dag søknader etter akvakulturlova og laksetildelingsforskrifta. Fylkeskommunane er opptekne av at forvaltninga skjer best mogleg med omsyn til effektivitet, samordning og kvalitet.

Det vart gjennomført ein workshop i Oslo i april 2015 for å identifisere område innanfor akvakulturforvaltninga i fylkeskommunane som kan utviklast vidare. Som eit resultat av dette vart det sett ned ein forprosjektgruppe, og det vart sett som mål å få til ei endå betre og tydelegare akvakulturforvaltning

Forprosjektgruppa kom med framlegg om å formalisere ei rekkje tiltak som allereie er heilt eller delvis på plass i fylkeskommunane. Prosjektgruppa rår til at fylkeskommunane saman finansierer eit prosjekt, *Koordinering og samordning av FAKS –Fylkeskommunenes Akvakultursamarbeid*, kor prosjektleiar får ansvar for å styrke og utvikle samordninga mellom fylkeskommunane. Fleire av tiltaka vil kunne oppfylle ulike element som blir etterspurd i Meld. St 16 (2014-2015), *Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett*. Meld. St 16 seier mellom anna at «*Forvaltningen må tilpasses næringen for ikke å virke hemmende på næringsutviklingen*» og vidare «*..så langt som mulig bør standardisere vurderingen og vedtakene for å skape mest mulig likebehandling av saker*».

Følgjande mål er formulert av forprosjektet:

- Hovudprosjektet skal utvikle, styrke og effektivisere fylkeskommunane sitt akvakulturfagmiljø ved å legge betre til rette for kompetanseutveksling, samordning og likebehandling på tvers av fylkesgrensene.

Fylkeskommunen bør vere pådrivar for fylkesvise eller ulike regionale akvakultur arenaer for samarbeid. Dette bør skje i samarbeid med næringa og andre sektorstyresmakter. Utover den jamne kontakten med næringa bør ein ha ein årleg arena/ treffpunkt for kunnskapsdeling, informasjonsutveksling om utviklingstrekk i regionen og nasjonalt (eks. regelverk, utvikling og status). Dette er i tråd med signaler frå næringa. I tillegg til å styrke det nasjonale samarbeidet, bør samarbeidet med nabo fylka vidareutviklast. Dette grunna felles grenser, geografisk likskap og liknande utfordringar og utviklingstrekk.

Resultatmål skal vere;

- Ein felles kunnskapsbase for akvakulturfagmiljøa i fylkeskommunane på www.akvakulturforvaltning.no

- Månadlege telefonmøte for fagmiljøa i fylkeskommunane
- Ein felles vedtaksmal for fylkeskommunenes akvakulturforvaltning
- Work-shops og fagdagar på oppdrag frå fagmiljøet i fylkeskommunane
- Fylkeskommunane sitt akvakulturforvaltningsarbeid skal bli meir synleg i media

Ei årleg samling med fokus på forvaltning og næringsutvikling i fylkeskommunane knytt til fagområdet akvakultur. Programkomité vert fastsett av vertsfylket. Det skal føres referat.

FAKS møte i september 2016 vert lagt til Hordaland i samarbeid med Sogn og Fjordande, Rogaland fylkeskommune.

Arbeidsmøte for å motverke ulik praksis i sakshandsaminga. Aktuelt innhald kan være kvalitetskontroll av søknadar, samordne kunnskap om sakshandsamingstid, regelverksforbetringar, brev og språk, informasjon og vedtak, malar og rutinar, organisering, praksis bruk av motsegn og praksis i plansaker mv.

Ulike fora som varetek lik handsaming og kunnskapsbasert og effektiv forvaltning. Prosjektet kan utvidast til ein arena for felles kompetanseheving i fylkeskommunane. Dette kan til dømes være innanfor fiskehelse, miljø og strøm, juss, besøk hos nasjonale forskingsmiljø, utviklingsmiljø og leverandørar knytt til næringa nasjonalt og regionalt i ulike ledd mv.

Møter når det oppstår utfordringar/ problemstillingar som er viktig for fleire fylkeskommunar. Av omsyn til ressursar bør telefonmøte/videomøte alltid vurderast først. Fysiske møte bør leggst til Gardemoen/Oslo. Det skal føres referat frå møta. Det kan vurderast å invitere andre relevante mynde.

Fylkeskommunen har allereie gjennomført fleire slike møte og denne samarbeidsforma forankrast nå gjennom FAKS.

Forprosjektgruppa rår til at fagmiljøa i fylkeskommunane hospiterer hos kvarandre. Målet er betre samordning, kunnskapsdeling og læring. Lengde, opphald og opplegg avtalas. Fylkeskommunane kan hospitere hos andre til dømes ulike sektorstyresmakter, direktorat, hovudkontor, regionkontor og departement mv.


Alle fylkeskommunane som deltek i prosjektet vert oppmoda til å betale 120 000 kroner for to år.

Hordaland fylkeskommune har gitt tilsegn om 120 000kr frå Marin tilskotsordning (Saknr. 2015/11697).

Organisering av prosjektet

Prosjekteigar er dei ulike fylkeskommunane som deltek i prosjektet. Prosjektansvarleg er Even Ystgård leiar styringsgruppe fram til konstitueringa. Prosjektleder er Solveig Skjei Knudtsen i Nord-Trøndelag fylkeskommune, 50% stilling over to år.

Prosjektet har ei styringsgruppe sett saman av dei ulike fylkeskommunane (prosjekteigarar). Dei sit i styringsgruppa annakvart år. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv på første styringsgruppemøte.



Figur. Syner organiseringa av prosjektet.

Tabell 1: Rollar i prosjektet

Rolle	Eining	Namn	Stilling	Kontaktinformasjon
Prosjekteigarar	Finnmark fylkeskommune	Hilde C J Mietinen	Næringsssjef	Tlf: 78 96 30 11 E-post: Hilde.C.J.Mietinen@ffk.no
	Troms fylkeskommune	Asbjørn Rasch	Næringsssjef	E-post: asbjorn.rasch@tromsfylke.no
	Nordland fylkeskommune	Hanne Østerdal	Næring og utviklingssjef	Tlf: 75 65 03 58 / 975 01 873 E-post: Hanne.Osterdal@Nfk.no
	Nord-Trøndelag fylkeskommune	Even Ystgård	Funksjonsleder Næring og Innovasjon	Tlf: 74 11 51 70 / 906 42 814 E-post: even.ystgard@ntfk.no
	Sør-Trøndelag fylkeskommune	Gleny Foslie	Fagsjef næring og innovasjon	Tlf: 97740918 E-post: gleny.foslie@stfk.no
	Møre og Romsdal fylkeskommune	Frank Madsøy	Ass. Regional- og næringsssjef	Tlf: 71 25 81 91/ 971 71 493 E-post: frank.madsoy@mrfylke.no
	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Jan Heggheim	Fylkesdirektør	Tlf: 905 66 623 E-post: jan.heggheim@sfj.no
	Hordaland fylkeskommune	Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling	Tlf: 55239290 / 97051716 E-post: bard.sandal@hfk.no
	Rogaland fylkeskommune	Norvald Skretting	Avdelingssjef Næringsavdelingen	Tlf: 51 51 69 20 / 917 32 958 E-post: Norvald.Skretting@rogfk.no
Prosjekt ansvarleg	Nord-Trøndelag fylkeskommune	Even Ystgård	Funksjonsleder Næring og Innovasjon	Tlf: 74 11 51 70 / 906 42 814 E-post: even.ystgard@ntfk.no
Prosjektleiar	Nord-Trøndelag fylkeskommune	Solveig Skjei Knudtsen	Rådgiver akvakultur	Tlf: 74 11 51 33 / 932 24 039 E-post: solveig-skjei.knudtsen@ntfk.no

Tabell 2: Styringsgruppe 1.år

Fylkeskommune	Namn	Vara	Namn
Nordland	Hanne Østerdal	Troms	Asbjørn Rasch
Rogaland	Norvald Skretting	Finnmark	Hilde C J Mietinen
Sør-Trøndelag	Gleny Foslie	Møre og Romsdal	Frank Madsøy
Hordaland	Bård Sandal	Sogn og Fjordane	Jan Heggheim

Tabell 3: Styringsgruppe 2.år

Fylkeskommune	Namn	Vara	Namn
Troms	Asbjørn Rasch	Nordland	Hanne Østerdal
Finnmark	Hilde C J Mietinen	Rogaland	Norvald Skretting
Møre og Romsdal	Frank Madsøy	Sør-Trøndelag	Gleny Foslie
Sogn og Fjordane	Jan Heggheim	Hordaland	Bård Sandal